



Audun Rolland
Rødlandsflaten 63
5286 HAUS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1461 - 20/12512

Saksbehandlar:
Janine Bratland Andersen
janine.bratland.andersen@osteroy.kommune.no

Dato:
12.06.2020

48/3 - Rolland - Massetipp - Førehandsvarsel

Eigedom: Gnr. 48 bnr. 3 Rolland

Grunneigar: Audun Rolland

Kommunen har registrert at det er deponert massar for å bygge veg og snuplass på eigedomen gnr. 48, bnr. 3. Det er vidare lagt ein bekk i røyr. Det ligg ikkje føre søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Kommunen har ikkje gjeve løyve til tiltaket etter anna regelverk.

Kommunen har rettleia grunneigar om regelverket i førehandskonferanse 05.02.2020.

Føresegn om søknadsplikt følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-2, jf. byggesaksforskrifta (SAK) kap. 4.

Ved eventuell etablering av massedeponi kan det vere krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. kommuneplanføresegn punkt 2.67.

Utfylling utan reguleringsplan krev dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a. Det kan i tillegg vere krav om dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 2.67 jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 1.

Vidare er det krav om søknad om løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav k, 20-2 og 20-3, jf. § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4.

Det er i strid med gjeldande kommuneplan å leggje bekk i røyr jf. kommuneplanføresegn punkt. 1.17.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 18.08.2020**.

Retting må skje ved at tiltaket førast tilbake.

Kommunen må få skriftleg underretting når arbeidet er ført tilbake. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve innan gitt frist.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak angående ulovlege tilhøve verte avslutta.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt innan **18.08.2020**.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **20/1461**

Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Janine Bratland Andersen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:
Audun Rolland

Rødlandsflaten 63 5286

HAUS